



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje  
**Dato:** 19.02.2018  
**Tid:** 09:00 - 11:10

---

**Medlemer som møtte:**

Kari-Anne Landro	Leiar	H
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Silvia Haugland	Medlem	TVØ
Espen Harketstad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

---

**Forfall:**

Anita Garlid Johannessen	MEDL	FRP
May Elin Limevåg	MEDL	FRP
Kjell Arve Vorland	MEDL	SP
Svein Petter Bergh	MEDL	SL

---

**Varamedlemer som møtte:**

Daniel-Victor Sandvik	for Anita Garlid Johannessen	FRP
Elizabeth Toft Erichsen	for May Elin Limevåg	V
Ørjan Telle	for Kjell Arve Vorland	AP
Ingen vara	for Svein Petter Bergh	- forfall ikkje meldt

---

**Andre:**

Prosjektleiar Paul J. Manger, leiar av IKT-arbeidsgruppa Jørgen Kausland, spesialrådgjevar Willy Sørensen, møtesekretær Unni Rygg.

---

Børge Haugetun

Kari-Anne Landro  
underskrifter

Marianne Sandahl Bjorøy

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 11/18	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 12/18	Referatsaker og orienteringar
PS 13/18	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 14/18	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i fellesnemnda 19.februar 2018
PS 15/18	Etablering av nytt NAV-kontor i Nye Øygarden kommune
PS 16/18	IKT og infrastruktur - Statusrapport for samordna løysingar og system
PS 17/18	Nye gebyr for tekniske tenester - organisering og mandat for arbeidet
PS 18/18	Endring av adressenamn -oppnemning av referansegruppe

## **PS 11/18 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte, 22.01.2018, vart godkjente utan merknadar.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Innkalling, saksliste og protokoll vert godkjent.

## **PS 12/18 Referatsaker og orienteringar**

- Status frå prosjektleiar
- Årsrapport for Nye Øygarden kommune 2017 (vedlegg)

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

#### **Orienteringar**

- Informasjon frå leiar av fellesnemnda, Kari-Anne Landro:  
Landro viste til at oppsett møte for fellesnemnda mandag 16.april vil vare heile dagen frå kl. 09 -15. I tillegg vert det truleg lagt opp til studietur for fellesnemnda til Danmark, mandag 28.mai – tysdag 29.mai. Fellesnemnda vart bedt om å halde av desse dagane.
- Status frå prosjektleiar Paul J. Manger:  
Manger viste til at fellesnemnda vil få samla statusrapport innan området arbeidsgjevarepolitikk på møtet 19.mars. I tillegg informerte Manger om arbeidet med administrativ organisasjonsmodell med kommunevise samlingar i januar månad og fellessamling 5.februar. Det vert no arbeidd med å få på plass ein plan for arbeidet fram mot fellesnemnda sitt møte 16. april der det skal presenterast eit forslag til administrativ organisasjonsmodell. Manger skal arbeide saman med rådmennene om dette forslaget. Manger informerte vidare om arbeidet med å få på plass eit prosjektstyringsverktøy for

arbeidet framover, og han informerte òg kort om innlegg på konferanse 13.februar i regi av NAV arbeidslivssenter og Arbeidstilsynet. Han informerte vidare om at han skal ha innlegg 20.februar på eit felles drøftingsmøte for eldreråda i dei tre kommunane.

- Årsrapport for Nye Øygarden kommune 2017 v/ informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke vart teken til orientering.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Orienteringar og referatsaker vert tekne til orientering.

## **PS 13/18 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet.

I møtet vart det stilt følgjande spørsmål:

#### **Daniel-Victor Sandvik;**

Sandvik viste til intensjonsavtala der det var lagt opp til fire hovudutval for politisk organisering, medan det har kome framlegg frå utval for politisk styringsstruktur om å redusere til to hovudutval noko Sandvik uttrykte uro for.

*Leiar Kari-Anne Landro viste til at utval for politisk styringsstruktur fekk utvida sitt mandat, i fellesnemnda sitt møte 11.desember, til å vurdere andre alternativ for politisk organisering av den nye kommunen. Utvalet vil presentere alle alternativa for fellesnemnda, med fordelar og ulemper, når utvalet kjem med ei tilråding.*

#### **Odd-Bjarne Skogestad;**

Skogestad viste til at den kyrkjelege fellesnemnda, i sitt arbeid framover, vil ha fokus på mellom anna å få til eit best mogleg grunnlag for arbeidet i den nye kyrkjelege fellesrådet. Det vil då vere viktig å få oversikt over og få på plass økonomiske avtaler, tenesteytingsavtaler m.m. mellom den nye kommunen og det nye fellesrådet. Vil prosjektleiar og den politiske leiinga i fellesnemnda ta initiativ til samtaler med den kyrkjelege fellesnemnda for å få til ein god prosess og ein oversiktleg tidsplan – med sikte på å kome fram til gode og tenlege avtaler mellom nye Øygarden kommune og det nye kyrkjelege fellesrådet?

*Leiar Kari-Anne Landro stadfesta at fellesnemnda vil ta initiativ til samtalar med den kyrkjelege fellesnemnda og følgje opp saka.*

## **PS 14/18 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i fellesnemnda 19.februar 2018**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda tek dei siste oppdateringane i milepelsplanen til orientering.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Spesialrådgjevar Willy Sørensen heldt ei orientering om arbeidet med milepelsplanen. Sørensen viste til at milepelsplanen, i kortformat, skal omfatte alt som fellesnemnda jobbar med og sikre framdrift. Oppdatert handlingsplan vert lagt fram for fellesnemnda til kvart møte og ligg ute på Nye Øygarden kommune si nettside. Det vert samstundes jobba med eit prosjektstyringsverktøy, som anten vil supplere eller erstatte milepelsplanen.

Etter presentasjonen kom det innspel om å gjere milepelsplanen eller prosjektstyringsverktøyet søkbar, å synleggjere kva som har blitt endra i planen til kvart møte, å leggje inn kritiske milepelspunkt i ROS-analysen, og fokusere på kostnadskontroll og framdrift i planen.

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Fellesnemnda tek dei siste oppdateringane i milepelsplanen til orientering.

## **PS 15/18 Etablering av nytt NAV-kontor i Nye Øygarden kommune**

### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda gir prosjektleiar og dei tre rådmennene i oppgåve å utarbeide eit mandat som inkluderer prosess, milepelar og tidsplan for etablering av eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Utkast til mandat vert presentert til fellesnemnda sitt møte 16. april 2018.
2. Mandatet skal ta for seg innhald, organisering og lokalisering av framtidige NAV-tenester, der prinsippet om nærtenerer i intensjonsavtalen ligg til grunn.
3. Mandatet skal innehalde følgjande moment:
  - sjå på kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for den organiseringa som er i dag
  - skildre status og utfordringar for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune
  - ta for seg kva nasjonale og regionale føringar som vil vere grunnlag for ei framtidig organisering
  - foreslå satsingsområde, mål og strategiar for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.
4. På grunnlag av vedtatt mandat ber fellesnemnda om at NAV presenterer ei projektskisse for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Saka vart grundig diskutert. Det kom fleire innspel til mandatet som fellesnemnda ynskjer framlagt til april møtet, mellom anna om digitale løysingar, desentralisering, innbyggjarservicemodellen, handlingsrom i mandatet, skjeringspunkt mellom kommunal og statleg del, minimumsløysingar, nærtenerer-prinsippet, størrelsen på NAV-kontor, kjerneoppgåver, kostnader.

Framlegg frå Egil Haaland om to nye strekpunkt under punkt 3:

3. Mandatet skal også innehalde følgjande moment:
  - kartlegge dei ulike IKT-systema som NAV brukar i dag
  - forslag til ny digital struktur og forslag til implementering av føreslåtte strukturar

Innstillinga, og framlegg til to nye strekpunkt under punkt 3, vart samrøystes vedtekne.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

1. Fellesnemnda gir prosjektleiar og dei tre rådmennene i oppgåve å utarbeide eit mandat som inkluderer prosess, milepelar og tidsplan for etablering av eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune. Utkast til mandat vert presentert til fellesnemnda sitt møte 16. april 2018.
2. Mandatet skal ta for seg innhald, organisering og lokalisering av framtidige NAV-tenester, der prinsippet om nærtenerer i intensjonsavtalen ligg til grunn.
3. Mandatet skal innehalde følgjande moment:
  - sjå på kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for den organiseringa som er i dag
  - skildre status og utfordringar for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune
  - ta for seg kva nasjonale og regionale føringar som vil vere grunnlag for ei framtidig organisering
  - foreslå satsingsområde, mål og strategiar for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.
  - kartlegge dei ulike IKT-systema som NAV brukar i dag
  - forslag til ny digital struktur og forslag til implementering av føreslåtte strukturar
4. På grunnlag av vedtatt mandat ber fellesnemnda om at NAV presenterer ei projektskisse for eit framtidig NAV-kontor i Nye Øygarden kommune.

## **PS 16/18 IKT og infrastruktur - Statusrapport for samordna løysingar og system**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda tar saka til orientering.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Jørgen Kausland, IKT-leiar i Sund kommune og leiar av IKT-arbeidsgruppa, presenterte arbeidet som var gjort innan området IKT og infrastruktur for å samordne løysingar og system. Kausland la vekt på det som må vere på plass innan kommunesamanslåinga, innan områder som IKT-infrastruktur, fellesløysingar, støttefunksjonar, plan-, bygg- og geodata, helse og velferd. Det overordna målet er å kunne gje gode digitale løysingar frå 1.1.2020, og sikre smidig overgang til ein felles, framtidretta driftsplattform. Framdriftsplanen legg opp til å etablere ein teknisk grunnmur i løpet av september 2018 slik at den kan ta i mot tenester frå desember 2018.

Etter presentasjonen kom det spørsmål om mellom anna bruk av «skylagring» vs. fysiske datarom; bestilling av innovative løysingar ved offentlege innkjøp; bruk av Google sitt operativsystem som alternativ til Microsoft; fokus på openheit ved val av fagsystem. Fellesnemnda var godt nøgde med både framdrifta til arbeidsgruppa og presentasjonen, og bad om å få den sendt ut etter møtet. Det kom også ynskje om at IKT-arbeidsgruppa kan levere fleire slike statusmeldingar i fellesnemnda sine møter, og som vedlegg til sjølve saksframlegget.

Innstillinga vart elles samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Fellesnemnda tar saka til orientering.

## **PS 17/18 Nye gebyr for tekniske tenester - organisering og mandat for arbeidet**

### **Innstilling:**

1. Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe på ein til to medarbeidarar frå høvesvis Fjell, Øygarden og Sund kommunar. Prosjektleiaren får i oppgåve å etablere gruppa i samråd med rådmennene, inkl. val av leiar for gruppa.
2. Arbeidsgruppa skal utarbeide eit framlegg til nytt reglement og nye takstar for dei tekniske tenestene i Nye Øygarden kommune.
3. Framlegget skal i utgangspunktet ha gjeldande reglement- og takstsystem i dei tre kommunane som referanse, men gruppa skal stå fritt til å fremje eit nytt reglement- og takstsystem basert på alternative kriterium om dei finn dette tenleg.
4. Fellesnemnda har som mål å vedta eit nytt reglement- og takstsystem hausten 2018. Arbeidsgruppa skal i samsvar med dette levere eit framlegg til prosjektleiaren seinast i september 2018.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Framlegg frå Egil Haaland om å justere punkt 1 ved å fjerne ordlyden «ein til to medarbeidarar»:

1. Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe frå høvesvis Fjell, Øygarden og Sund kommunar. Prosjektleiaren får i oppgåve å etablere gruppa i samråd med rådmennene, inkl. val av leiar for gruppa.

Framlegg frå Tom Georg Indrevik om nytt punkt 5:

5. Fellesnemnda vil avdekke forholdet til eksisterande sjølvkostfond.

Fellesframlegg v/leiar Kari-Anne Landro om nytt punkt 6:

6. Fellesnemnda oppnemner ei politisk referansegruppe på seks medlemmer, to medlemmer frå kvar av kommunane Fjell, Øygarden og Sund. Kvar kommune kjem tilbake med namn på medlemmer til fellesnemnda sitt møte 19.mars.

Det vart deretter stemt over innstillinga og framlegga på denne måten;

Innstillinga punkt 1 vart sett opp mot framlegget frå Egil Haaland. Framlegget frå Haaland vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 – 4 vart samrøystes vedteke.  
Framlegg om nytt punkt 5 vart samrøystes vedteke.  
Framlegg om nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

1. Det vert sett ned ei administrativ arbeidsgruppe frå høvesvis Fjell, Øygarden og Sund kommunar. Prosjektleiaren får i oppgåve å etablere gruppa i samråd med rådmennene, inkl. val av leiar for gruppa.
2. Arbeidsgruppa skal utarbeide eit framlegg til nytt reglement og nye takstar for dei tekniske tenestene i Nye Øygarden kommune.
3. Framlegget skal i utgangspunktet ha gjeldande reglement- og takstsystem i dei tre kommunane som referanse, men gruppa skal stå fritt til å fremje eit nytt reglement- og takstsystem basert på alternative kriterium om dei finn dette tenleg.
4. Fellesnemnda har som mål å vedta eit nytt reglement- og takstsystem hausten 2018. Arbeidsgruppa skal i samsvar med dette levere eit framlegg til prosjektleiaren seinast i september 2018.
5. Fellesnemnda vil avdekke forholdet til eksisterande sjølvkostfond.
6. Fellesnemnda oppnemner ei politisk referansegruppe på seks medlemmer, to medlemmer frå kvar av kommunane Fjell, Øygarden og Sund. Kvar kommune kjem tilbake med namn på medlemmer til fellesnemnda sitt møte 19.mars.

### **PS 18/18 Endring av adressenamn -oppnemning av referansegruppe**

#### **Innstilling:**

1. Det vert sett ned ei politisk referansegruppe knytt til arbeidet med å etablere eit samordna adressesystem for Nye Øygarden kommune.
2. Medlemmene i gruppa skal også vere medlemmer i fellesnemnda
3. Referansegruppa skal ha følgjande medlemmer:

.....  
.....  
.....

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

Leiar Kari-Anne Landro viste til punkt 3 der fellesnemnda må kome med framlegg til medlemmer til politisk referansegruppe i arbeidet med samordning av adressesystem.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro om følgjande medlemmer til politisk referansegruppe:  
Leiargruppa i fellesnemnda, dvs. Kari-Anne Landro, Marianne Sandahl Bjørøy og Børge Haugetun.

Framlegg frå Daniel-Victor Sandvik om følgjande medlem til politisk referansegruppe:  
Olav Kobbeltveit.

Leiar Kari-Anne Landro kom deretter med framlegg om at alle som var føreslegne vert valt inn i den politiske referansegruppa, noko som vart samrøystes vedteke til punkt 3.

Innstillinga punkt 1-2 vart elles samrøystes vedtekne.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 19.02.2018:**

1. Det vert sett ned ei politisk referansegruppe knytt til arbeidet med å etablere eit samordna adressesystem for Nye Øygarden kommune.
2. Medlemmene i gruppa skal også vere medlemmer i fellesnemnda
3. Referansegruppa skal ha følgjande medlemmer:  
Kari-Anne Landro, Marianne Sandahl Bjorøy, Børge Haugetun og Olav Kobbeltveit.